



HORNINDAL KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Planutvalet	28.10.2013	018/13	SH
Kommunestyret	07.11.2013	068/13	SH

Saksansvarleg: Ståle Hatlelid	Arkiv: L12	Arkivsaknr.: 12/5 - 13
	Objekt:	

Etablering av hyttefelt i område B5 søraust for Storesetra - vurdering av inkomne merknader - eigengodkjenning av plan

Sakstilfang / Lover / Plandokument

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
7	I	14.05.2013	AG Plan og Arkitektur	Reguleringsplan - B5- Storesætra
6	I	14.05.2013	AG Plan og Arkitektur	Reguleringsplan - B5- Storesætra
5	I	14.05.2013	AG Plan og Arkitektur	Reguleringsplan - B5- Storesætra
11	I	25.08.2013	Ole Perry Lødemel	Innspeil til reguleringsplan B5 Storesetra
12	I	26.08.2013	Norges vassdrags- og energidirektorat	Fråsegn til offentleg ettersyn av reguleringsplan for hyttefelt B4 og B5 - Storesætra - Hornindal kommune
14	I	02.09.2013	Ottar Lødemel	Veg- parkeringsrett

Saka gjeld

Vurdering av inkomne merknader og tilråding om eigengodkjenning av reguleringsplan for hytteområde B5 – søraust for Storesetra.

Bakgrunn

I sak 009/13 gjorde planutvalet vedtak om å leggje reguleringsplan for hytteområde B5 søraust for Storesetra ut til offentleg ettersyn. I høyringsperioden kom det inn merknader/uttalar frå følgjande instansar/ enkeltpersonar:

- Norges Vassdrags- og energidirektorat NVE
- Ottar Lødemel
- Ole Perry Lødemel

NVE har ingen merknader til planen, mens Ole Perry Lødemel og Ottar Lødemel viser til ein vegrett som Ottar Lødemel har over tomt H1 (i dag del av gnr. 181, bnr. 16) - frå setrevegen fram til hytta på gnr. 181, bnr. 24. Sjølv om denne vegretten formelt er tinglyst som hefte på gnr. 181, bnr. 16 har eigaren av gnr. 181, bnr. 24 nytta ein sti som i hovudsak kryssar over gnr. 183, bnr. 1.

På denne bakgrunn skisserer partane ei løysing som går ut på å flytte stien til området der han fysisk ligg i dag, og utfordringa blir då å finne ut korleis dette kan løysast på ein formell måte.



Detaljert reguleringsplan for område B5

Drøfting

Ut over dei innspel som omfattar gangtilkomst til hytta på gnr. 181, bnr. 24 er det ingen merknader til reguleringsplanen, og rådmannen tolkar dette som eit uttrykk for at planen i hovudsak løysar dei utfordringar hyttebygginga i område B5 vil medføre. Likevel er det uheldig at to tilgrensande hytteeigedomar ikkje er med i planen. Med plankrav for heile B5, jf. avgrensinga på arealdelen til kommuneplanen, inneber det ingen byggjeaktivitet (nybygg, tilbygg og påbygg) på desse eigedomane før dei er omfatta av eigengodkjent reguleringsplan. Innspel i høringsperioden, om å få løyst gangtilkomst til ei av desse hyttene, ville òg funne si løysing dersom eigedomen hadde vore med i reguleringsplanen. Når så ikkje er gjort vil enklaste løysinga for å rydde opp i tilkomsten til gnr. 181, bnr. 24 vere å flytte hefte om tilkomst – frå gnr. 181, bnr. 16 – til gnr. 183, bnr. 1. Dette kan skje ved at tinglyst hefte (vegrett) over gnr. 181, bnr. 16 vert sletta, samtidig som fråsegn om ny (kartfesta) vegrett over gnr. 183, bnr. 1 vert tinglyst som hefte på sistnemnde eigedom.

Det vert elles vist til sak 009/13 – vedtak om offentleg utlegging.

Økonomiske konsekvensar

Då planen kan eigengodkjennast utan endring av plandokument m/ tilhøyrande føresegner vil kommunen sine kostnader vere avgrensa til kunngjering av planen.

Framlegg til vedtak:

1. I medhald av *PBL* § 12-12, jf. §§ 12-3 til 12-7, og med dei kommentarar som går fram av saksutgreiinga, eigengodkjenner Hornindal kommunestyre reguleringsplan for hyttefelt B5 – søraust for Storesetra.
2. Kommunen sitt planregister skal ajourførast i samsvar med dette vedtaket.

3. Eigengodkjent plan vert å påføre kommunestyret sitt saksnummer og vedtaksdato, og kunngjere dette i samsvar med *PBL* § 12-12.

Ann Kristin Langeland/s.
- rådmann -

28.10.2013 PLANUTVALET

PLAN-018/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET SAMRØYSTES:

1. I medhald av *PBL* § 12-12, jf. §§ 12-3 til 12-7, og med dei kommentarar som går fram av saksutgreiinga, eigengodkjenner Hornindal kommunestyre reguleringsplan for hyttefelt B5 – søraust for Storesetra.
2. Kommunen sitt planregister skal ajourførast i samsvar med dette vedtaket.
3. Eigengodkjent plan vert å påføre kommunestyret sitt saksnummer og vedtaksdato, og kunngjere dette i samsvar med *PBL* § 12-12.

07.11.2013 KOMMUNESTYRET

Inger Marie Svingeset gjekk frå som ugild, Kurt Ludvigsen møtte som vara.

KS-068/13 VEDTAK SAMRØYSTES:

1. I medhald av *PBL* § 12-12, jf. §§ 12-3 til 12-7, og med dei kommentarar som går fram av saksutgreiinga, eigengodkjenner Hornindal kommunestyre reguleringsplan for hyttefelt B5 – søraust for Storesetra.
2. Kommunen sitt planregister skal ajourførast i samsvar med dette vedtaket.
3. Eigengodkjent plan vert å påføre kommunestyret sitt saksnummer og vedtaksdato, og kunngjere dette i samsvar med *PBL* § 12-12.

Kopi til:
Sakshandsamar for vidare
arbeid

Hornindal 12.11.2013

Solfrid Otterdal Lien
- Sekretær -

